

Fiskeridirektoratet  
postmottak@fiskeridir.no

**SAK 23/21**  
**PELAGISK FORENING SITT HØYRINGSSVAR**  
**MAKRELL**

Pelagisk Forening er einig i forslaget om at fisket i all hovudsak blir regulert tilsvarende reguleringsfor 2020.

Stortinget har vedtak om å avvikla kvotefordeling etter dynamiske fordelingsnøklar, og erstatta desse med faste fordelingsprosentar. Det blir tala om at NFD tek sikte på at dette skal ha verknad frå og med 2021.

Pelagisk Forening legg til grunn at det blir minst mogeleg endring av etablert fordeling mellom dei ulike gruppene.

Fiskeridirektøren ber om innspel på om avtalen om kvotebytte av norsk vårgytande sild og makrell mellom trål og ringnot skal vidareførast i 2021. Pelagisk Forening har ikkje innvendingar til vidareføring. Dersom ordninga blir vidareført ber Pelagisk Forening om at dette kvantumet blir spesifisert komande år.

I skrivande stund er det ikkje signert ein kyststatsavtale. Pelagisk Forening legg til grunn at det uavhengig av utfall forhandlingane blir fastsett ein norsk kvote for 2021. Dette slik at fisket kan starta 1. januar, om ikkje gode strategiske forhandlingsomsyn tilseier anna.

#### UTØVING, OG KONTROLL AV MAKRELLFISKET

Direktoratet skriv at «*I den nasjonale strategiske risikovurderingen (NSRV) er det identifisert høy risiko for brudd på islandføringsplikten i makrellfisket. Dette med bakgrunn i at det vedvarende over år registreres ulovlig slippingaktivitet i dette fisket. Slik aktivitet kan medføre at store kvanta makrell dreper ned og ikke registreres som uttak fra bestanden. På grunn av risikoene for ulovlig slipping og brudd på islandføringsplikten ser Fiskeridirektoratet som nødvendig å vurdere å nye tiltak i dette fisket for å bedre fangstmønsteret og sikre bedre kontroll med aktiviteten.»*

Pelagisk Forening er spørjande til kva direktoratet bygger dette på? Tvert imot registrerer Pelagisk Forening at norske fiskarar gjer alt dei kan for å unngå for store kast, slipping i strid med regelen i utøvingsforskrifta § 48 a, og neddreping. Regelverket om «kvitblåsa» synest såleis å fungera godt.

Pelagisk Forening har heller ikkje registrert inndragings- eller straffesaker for ulovleg slipping og/eller neddreping av makrell.

I reguleringsdokumentet skriv direktoratet òg at «*Norge hadde et nært samarbeid med kontrollmyndighetene i Storbritannia, også i 2019. Utfordringene i 2019 var fortsatt brudd på ilandføringsplikten ved at fartøyene fikk større kast enn det de ønsket å føre til land. En har både observasjoner og kilder som understøtter at maks fangstmengde pr. tur ble kraftig redusert sammenlignet med tidligere år. Redusering av maks kvantum ved landing kan ha sammenheng med risiko for nedklassing av fangsten.*»

Pelagisk Forening meiner at dagens regelverk fungerer godt, og dersom direktoratet registrerer brot på regelverket bør direktoratet følja aktuelle enkeltaktørar etter gjeldande regelverk.

Dersom uønskt slipping er eit problem i Storbritannia bør ikkje det føra til endra reglar i Noreg. Som kjent gjeld norske lover òg på norske fiskebåtar sjølv om dei fiskar i andre land sine soner.

Pelagisk Forening ser ikkje at det er foreslått innstrammingar, av regelverket for slipping, i reguleringsforslaget, men vil likevel gje uttrykk for sterk usemje i eventuell innstramming av dette regelverket.

#### PRØVEORDNING FOR KVOTEBELASTNING SOM FØLGE AV FANGST UTOVER KVOTE

«*I 2020 ble det innført en ny prøveordning for makrell hvor fangst utover kvotefleksibilitetsordningen (ut over 110 %) belastes på fartøy nivå i stedet for gruppenivå.*

*Fartøy som i 2020 benytter sin adgang til å overfiske kvoten i henhold til kvotefleksibilitetsbestemmelsene, vil bli kvotebelastet i 2021 for fangst utover kvote i 2020 som er inndratt i medhold av havressursloven § 54.»*

Fiskeridirektøren foreslår at ordninga blir vidareført.

Pelagisk Forening er einig i at ordninga blir vidareført.

#### KVOTEFLEKSIBILITET OVER ÅRSSKIFTET

Pelagisk Forening er eining i fiskeridirektøren sitt forslag om videareføring for 2021 av gjeldande kvotefleksibilitetsordningar over årsskiftet, og vil òg gje uttrykk for at fleksordninga er ei svært positiv, og viktig, ordning.

Bergen, 4.11.20.

Ask Økland  
Advokat

Mariann Frantsen  
Dagleg leiar